

Gjeldande vedtekter for elevplass ved Bokn musikk- og kulturskule

Elevplass/opptak/utmelding/moderasjon:

- ❖ Kulturskulen er eit tenestetilbod som først og fremst rettar seg mot barn og unge i kommunen. Vaksne over 21 år kan få plass i det ordinære tilbodet ved ledig kapasitet, eller på tilbod som rettar seg spesielt mot vaksne.
- ❖ Påmelding til kulturskulen blir gjort om våren og elevplass blir tildelt for eitt år om gongen. Inn- og utmeldingar må vera skriftlege og innan gitt frist. Påmelding/søknad skjer elektronisk via kulturskulen sin påmeldingsportal. Ordinær søknadsfrist for skuleåret 2019/2020 er torsdag 20. juni. Påmeldingsportalen kan brukast heile året for ledige plassar/venteliste. Ynskjer ein ikkje å halda fram med undervisning i vårsemesteret, må oppseiing skje skriftleg via mail eller brev til administrasjonen innan 1. oktober det gjeldande skuleåret, elles må ein også betale for vårsemesteret. Lærar kan ikkje ta imot utmelding.
- ❖ Elevar med plass ved eit fag/aktivitet vil normalt få tildelt vidare plass ved å søkje innan fristen for opptak til neste skuleår. Ved hovudopptak vert deretter ledige plassar først tildelt elevar som har stått på venteliste sidan førre hovudopptak. Nye elevar har to prøvetimar og kan gå frå elevplassen mot eit gebyr svarande til kontingent for 1 måned. Elevplass er personleg og kan ikkje overførast til andre, til dømes søsken.
- ❖ Alle søkjarar får beskjed i juni, enten om at ein har fått elevplass, eller om at ein står på venteliste.
- ❖ Det blir gitt moderasjon av sluttsommen for søsken eller for deltaking i fleire fag, ved at det frå og med to fag/elevplassar rekna frå det rimelegaste tilbodet, blir gitt 20 % reduksjon i sats. For at søsken-/fleirfags-moderasjon skal tre i kraft, må same person stå som betalar.

Ytterlegare vilkår:

- ❖ Skuleåret for elevane i Bokn musikk- og kulturskule går frå veke 34 til og med veke 50 om hausten, og frå veke 1 til og med veke 24 i vårhalvåret (dersom ikkje anna er oppgitt). Skulen følgjer elles den kommunale skuleruta med omsyn til feriar og fridagar. Kulturskulen kan ha undervisning sjølv om grunnskulen har fri/planleggingsdagar.

- ❖ Kulturskulen sine elevarrangement, konsertar og aktivitetar er ein del av undervisningstilbodet, og det er forventa at eleven deltek på desse. Elles er det forventa at eleven kjem godt førebudd til time og tek godt vare på utleverte notar/bøker. Skulen tilrår minst 15 min. dagleg øving.
- ❖ Eleven som er forhindra frå å møte til time, gir melding om dette direkte til lærar – aller helst i god tid på føre hand. Eleven kan ikkje få attende forsømde timar.
- ❖ Ved all bruk av kulturskulen sitt inventar og utstyr må det visast stor forsiktighet. Kulturskulen er ikkje ansvarleg for eleven sine private eigedelar.
- ❖ Føresette kan vera med etter avtale med lærar. Det er til vanleg ikkje høve til å ha med seg vener i undervisningstimen.

Kontingent/faktura:

- ❖ Satsane for kontingent i kulturskulen blir fastsett av kommunestyret under årleg budsjettbehandling.
- ❖ Faktura blir normalt sendt ut i november og mars.
- ❖ Faktura blir sendt til den som er registrert som føresett i søknaden.

Prisar for skuleåret 2019/2020:

- ❖ Prisar pr. halvår pr. elevplass:

Instrumentalundervisning: 877,-

Gruppeundervisning: 698,-